

Mehavnbreiv.

Veret har vore mykje ruskat denne vika. Nordaust storm og snøfokk. Av snø har vi ikkje fått so rett lite no, so det byrjar sjå vinterleg ut. Idag då det er sundag er alt som fins av ungdom og born som er so pass store — ute og boltrar seg på ski. Det er lengdeløp og hopp trening og kva det no heitar alt saman. Men gamlekarane ruslar avstad til posthuset etter den snart vikegamle posten.

Det er ei slik velsigna gild rute og postordning her i vestre luten av Austfinnmark at om berre snøgruta er nokre timar seinka i ruta torsdag kvelden so venter ikkje «lokalen» i Kjøllefjord men går frå både pasasjerar, post og varar som t. d. fersk eller frossen agnsild der skal til Skjøtningberg, Oksevåg, Mehamn, Gamvik, Finnkongkjeila, Skjånes, Langfjordnes, Kvitnes, ja heile det store Tanadistriktet rundt. Når en så høyrar at dette (lokalruten fredag) er den einaste forbindelse heile Tanafjorden har med utanverdenen «sjøverts og postal», so vil ein skjyna at ordninga er til å settja mot i folket og til å skapa ein framgang som seggjier seks. Mehamn, Gamvik er so «generøst stillett» at disse stadene har snøgrute vestanfrå natt til sundag. Men post og gods og passasjerer til heile det øvrige Tanadistriktet kan fyrst koma fram — etter å ha gjort ein rundtur over Austhavet til Berlevåg eller Vardø — onsdag eller natt til torsdag deretter. Eller med andre ord — ei vike etter. Denne rute og postordninga er so «ideel» at ho reint ut sakt or ei skandale og ei svivyrding mot det driftige og seige arbeidssame folket, som freistar livskåra seg her. Vågar ein seg til å protestere og setja fram kravet um ei anna og betre ordning, vart det vel berre sett på som eit «skrik» frå Finnmark. «For dei kan jo skrike der oppe som», som ein tingmann frå Troms fylke sa til meg for nokre år sidan. Men denne mannen har vel aldri freista tilvere under slike vilkår.

Dette med at ikkje snøgruta skal kunne «anløpe» Mehamn på austtur fredag, der ho umlag alle høve kan nå lokalbåten — er så meiningslaust og vitnar om so liten samhug med folket på desse kantar og om so liten «forståing» av krava, at det er utan noko jamnføring i heile landet. Og vist er det, at det er ei ordning, som dei styrande ikkje vågar byda so pas store fiskever og viktuge strøk andre stader i landet. For då kan det henda det vert «skrik». Dei skrik jamt mest, som har mins orsak til å skrika. Men her i Finnmark ser det ut til at folk må vora nøgd med alt, kor rav ruskande gale det er. Ein lyt likevel vona at tingmannen Steinholt tek seg av denne saka, slik at det kan verte slut med godkjenning av vinterruter der sambandet millom snøgruta og lokalbåten over Kjøllefjord, berre skal være en illusjon — er so at snøgruta er aldri so lite seinka i ruta. Som vel kan hende rett som det er — serleg om vintren. Slik som ordninga no or, vert jo dei, som er naude til å rekna med dette sambandet millom snøgrutane og lokalbåten over Kjøllefjord, utsett for storo tap. Var det so rådlaut for lokalbåten å vente på snøgruta i Kjøllefjord måtte ho då i al Herrens mamn i minste ha plikt til — i eit slikt høve å gå framom Mehamn. Der ho mest alltid vilde nå lokaln, som i eit serhøve og måtte ha plikt til å vente på snøgruta. Men sopas er det vel ikkje å vente at dei som steller mod slike tingskal forstå.

Gamvik skulestyre har vald Ekrem Risfjord til formann og lærar Lunde Gamvik til varaformann for 1930. Formannen no var - poståpnar Østvik Mehamn — neita plent å take mot vall. Han og skuledirektøren rauk ukklar ifjor om skulespørsmålet og skuledirektøren

kravde at herredsstyret skulde kvitte seg med Østvik. Dette neita herredsstyret. Og no neita Østvik å krige lenger med direktøren.

Den nye soknepresten har nett teke til med konfirmasjonsundervisninga i Gamvik med nokre og tyve konfirmanter. Skulen held til i det store internatet som er ferdig og no nyleg teken i bruk i Gamvik.

Gamvik likningsnevnd har vald Olaf Hansen Mehamn til formann og lærar Bj. Lillevik til vara- formann for 1930. Nemda er nett ferdig med det fyrste likningsarbeid. Sjølsagd minka båda formue og innkoma i det året som gjikk.

Det har kvikna litt med kveitefisket, men lineskjøiter som var ute fekk ingen fangst. Fiskarane og alle andra går og venter i spaning på at lodda skal koma.

E. E.

[Edvard Eidissen]

Senjens Blad